

## Flott og leiken avslutning for skigruppa

25.03.2012



Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun - her saman med Pål Haugland - har vore ein offensiv duo i vinter

**Skigruppa hadde ei feiande flott avslutning på sesongen i Fjellhaugen i dag. Med strålende sol frå skyfri himmel var det ingen som kunne hugse alle dei mørke treningskveldane i sludd og vind tidlegare i sesongen**



Ikkje sidan starten på 90-talet har det vore så stor aktivitet i skigruppa som i år, og mange av dei aktive ungane og ungdomane deltok på sesongavslutninga i Fjellhaugen. I dag var alvoret og tidspresset byta ut med leik og prestisjefri hopp og galskap.



Fleire var tydeleg inspirert av Northug sitt 21 meter lange hopp på langrennski i Holmenkollen dagen før, og det var såleis ingenting å seie på innsatsen på hoppkanten.



Som våre kalvar flaksa dei gjennom lufta på sine spinkle pinner, tilsynelatande utan respekt eller tanke for tyngdekrafta si nådelause hemn, til sprutande buklandingar i den mjuke snøen.



Etter kvart, og stikk i strid med realitetane og prestasjonane, steig overmotet til slike trassige høgder at ein fann det føremålstenleg å utvide repertoaret med ulike variantar av triks: grab, 360 og salto, alt utført med same mistilhøvet mellom stil og innsats. På tilskodarplass sat foreldra og grillapølser og diskuterte ulike barneforsikringar. Skigruppa vil takke alle aktive for ein flott sesong og for god innsats. Sidan Petter Northug har treningsfri fram til 1. juni, vil vi gjere det same. Vi ser fram til ein ny kjekk sesong i skisporet.

Av Bjørn Olav Tveit